



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

NVE

201904430

NVE
Postboks 5091

0301 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
20/380-2 20/5436
Jarle Lunde

Arkivkode:

Dato:
15.04.2020

UTTALE - ØKT REGULERING AV SVARTETJØRN OG UTVIDELSE AV STRAUME KRAFTVERK I VALLE KOMMUNE

Arbeidsutvalet i villreinnemnda behandla saka i møte 3. april. Saksframlegg med vedtak er vedlagt.

Vennleg helsing

Jarle Lunde
sekretær

Kopi til:

Fylkesmannen i	Postboks 788 Stoa	4809 ARENDAL
Agder		
Valle kommune	Postboks 4	4746 VALLE

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no.
Nettside: <http://villrein.no/setesdal-nemnd/>





Sak 09/20

Uttale til søknad om økt regulering av Svartetjørn og utviding av Straume kraftverk i Valle kommune

	Møtedato	Sakshandsamar:
Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	03.04.20	Jarle Lunde

Vedlegg

Vedlegg i saka (ikkje i møtebok):

- NVE: Høring av søknad om økt regulering av Svartetjørn og utvidelse av Straume kraftverk i Valle kommune

Saka

«NVE har mottatt søknad fra Straume kraftverk AS om tillatelse til å øke slukeevnen i Straume kraftverk i Kvernåni med 0,3 m³/s. Samtidig søker selskapet om å få øke eksisterende regulering i Svartetjørn fra 1 m til 2,5 m. Søknaden skal behandles etter bestemmelsene i vannressursloven».

NVE har sendt saka ut på høyring med høyringsfrist 31.mai 2020. «NVE ønsker synspunkter om planene bør gjennomføres, ev. valg av alternativ eller forslag til begrensninger i planene. Vi ønsker også begrunnede forslag til avbøtende tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringen av prosjektet.

Vurdering

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.


Forvaltning av villrein

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. Me forvaltar dei siste livskraftige bestandene av den opphævelege ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt.

Setesdal Austhei er eit av 10 villreinområde som har status som Nasjonale villreinområde.


Villreinen i området

Jfr bestandsplanen for Setesdal Austhei villreinområde er målet at det skal vere 1500 dyr. Det er pr dags dato om lag 1200. Området nord for fylkesveg 45 har mykje samanhengande høgfjell og utgjer først og fremst vinterbeite, mens skogsområda i syd utgjer kalving og sommarbeite. Jamfør Miljødirektoratet sin kartteneste (villrein WMS) ligg tiltaksområde utanfor både registrert kalvingsområde og sommarbeite. Det er registrert ein trekkveg mellom tiltaksområde og Mjøvatn. Sjå kart 1.



Kart 1. Funksjonsområde for villrein. Tiltaksområde er markert.


Ser ein nærare på Gps-data frå merka simler, så vise desse at områda rundt tiltaksområde er blitt nytta i prosjektperioden, sjå kart 2. Datamaterialet tyde på at område blir brukt i kalvingstida eit og anna år.



Kart 2. GPS spor frå merka villrein. Tiltaksområdet er markert.

Planstatus

Det er utarbeid ein regional plan for heilskapleg forvaltning av dei viktigaste villreinbestandane. I vårt område er dette Heiplanen. Denne er innarbeid i Valle sin kommuneplan. Som kart 3 viser er tiltaksområde dels i bygdeutviklingssona og dels i omsynsone villrein. I bygdeutviklingssona er villreininteressene rekna for å vera avklart. I omsynssone villrein skal villreininteressene vektleggast i all arealforvaltning, men ein kan tillata noko meir aktivitet enn i nasjonalt villreinområde.



Kart 3. Omsynssoner etter Heiplanen. Tiltaksområdet er markert.

Avsluttande merknad

I følgje søknad er det ikkje forventa at utbygginga vil ha noko betydning for villreinen. Sekretariatet er langt på veg einig i dette. Området ligg i utkanten av villreinområdet og sjølve arbeidet vil ligge i bygdeutviklingssona. Det er ikkje noko grunn til å tro at utvidinga vil føre til meir ferdsel i området. For villreinen vil anleggsperioden vere det som kan forstyrre. Ettersom villrein har nytta tiltaksområdet i kalvingstida bør ein tilpasse seg dette og ikkje ha anleggsverksemd i mai.

Forslag til vedtak

Jamfør Heiplanen ligg tiltaksområde i hovudsak i bygdeutviklingssona, og dels i omsynssone villrein. I høve til villrein er det tale om relativt små og tidsavgrensa inngrep som i liten grad vil kunne påverka villreinen i driftsfasen.

Villreinnemnda vil med bakgrunn i villreinen sin områdebruk oppmoda om at det vert stilla vilkår om at anleggsverksemda ikkje blir gjennomført i kalvingstida. Villreinnemnda har elles ingen merknad til planane.

Behandling

Røysting

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

Vedtak

Jamfør Heiplanen ligg tiltaksområde i hovudsak i bygdeutviklingssona, og dels i omsynssone villrein. I høve til villrein er det tale om relativt små og tidsavgrensa inngrep som i liten grad vil kunne påverka villreinen i driftsfasen.

Villreinnemnda vil med bakgrunn i villreinen sin områdebruk oppmoda om at det vert stilla vilkår om at anleggsverksemda ikkje blir gjennomført i kalvingstida. Villreinnemnda har elles ingen merknad til planane.



Avsender: Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 Sand



122536-76-32

NVE
Postboks 5091
0301 OSLO

Uttale - Økt regulering av Svartetjørn og utvidelse av Straume kraftverk i Valle kommune



